

**Til stades:** Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien – nestleiar, Kristian Hanto - nestleiar, Kjellbjørn Karsrud, Thomas Nilssen, Torfinn Hofstad

Ole Erik Feragen – 1.vara.

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes – dagleg leiar, Liv Annette Nygjerdet – tilsettes representant og Solfrid Gjeldokk under sakene 42 og 43.

**Tid:** Fredag 21.05. kl. 09-16.

**Stad:** Teams

## Sakliste

**Styresak 2021/37** Innkalling og sakliste

**Styresak 2021/38** Orienterings-, drøfting- og referatsaker

**Styresak 2021/39** Revidering av instruks for og arbeidsdeling mellom styret, AU og dagleg leiar. Praktisk informasjon.

**Styresak 2021/40** Godtgjering til valnemnd og tilsynsnemnd.

**Styresak 2021/41** Møteplan hausten 2021

**Styresak 2021/42** Refusjon av TONO-vederlag til lag og arrangørar i FolkOrg

**Styresak 2021/43** Utlysing av prisene Årets lokallag og Årets folkemusikkarrangør.

**Styresak 2021/44** Stell av grava til Gunnar Røstad

**Styresak 2021/45** Kandidatar til Ole Vig-prisen

**Styresak 2021/46** Eventuelt

## Styresak 2021/37 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjend.

## Styresak 2021/38 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

### a. Driftsrapport per 04.03.21

#### a. Rådgjeving/Opplæring/service

- i.Vi har orientert om fristar til ei rekke ulike tilskotsordningar.
- ii. Vi har lyst ut momskompensasjonsordninga.
- iii. Vi har orientert om ulike prosjekt, som til dømes Global Music Match og Womex.
- iv. Vi har hatt medlemskffi på Teams med yrkesutøvarane.
- v. Fordelt aktivitetstilskot.
- vi. Vi har delteke på seks av sju avhaldne årsmøte i områdelaga.
- vii. Vi har orientert om at TONO-avtala er sett på vent.

#### b. Formidling og arrangement – oppsummering:

##### i.Landskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk:

- 1. Har offentleggjort tildelinga av LK og LF i perioden 2023-2025.
- 2. Har vore i kontakt med arrangørane i perioden fram til 2025.

##### ii.Folkelarm

- 1. Planlegginga av Folkelarm 2021 held fram.
- 2. Vi har fått kr 20 000 i tilskot frå KOMP.

#### c. Informasjon og opplysning – oppsummering:

##### i.Folkemusikk – magasinet:

- 1. **Folkemusikk nr. 2/21** blei trykt 10. mai, med eit sidetal på 104.
- 2. **Redaksjonsassistent:** Folkemusikk har lyst ut ei 20 % stilling som journalist og redaksjonsassistent, med søknadsfrist 31. mai.
- 3. **Biblioteksabonnement:** Tekstallmenningen, eit ideelt aksjeselskap som mellom anna driv med abonnements- og laussal for Folkemusikk, har hatt ein salskampanje gåande overfor norske folkebibliotek i vår. Resultatet er at 13 bibliotek så langt har kjøpt abonnement.
- 4. **Tekstallmenningen:** Redaktør Audun Stokke Hole er frå april av styremedlem i Tekstallmenningen.

##### ii.Anna informasjonsarbeid

- 1. FolkOrg.no: Er i gang med strukturering av eksisterande innhald på folkorg.no med tanke på overgang til nye nettsider.

#### d. Påverknad/samarbeid – oppsummering:

- i. Vi har, i lag med andre organisasjoner i fleire rundar, komme med innspel til stimulatingsordningane og kompensasjonsordningane til regieringa.
- ii. Vi har levert innspel til kulturstrategi for Innlandet fylkeskommune.
- iii. Vi har levert skriftleg høyringsinnspel og delteke på munnleg høyring på Stortinget om Stortingsmelding 18: Oppleve, skape, dele. Kunst og kultur for, med og av barn og unge.
- iv. Dagleg leiar vart intervjua om meldinga i Periskop.
- v. Vi har saman med Norsk jazzforum sendt innspel til SV om kulturforvaltninga i Noreg.
- vi. Vi har saman med Arrangørforum lagt opp til ein debatt på Kulturytring Drammen 23.juni, og vi har vore sentrale i planlegginga av den.
- vii. Vi har delteke på landsmøtet i Musikkens studieforbund og Norsk musikkråd Musikkting. Dagleg leiar vart vald inn som første vara i styret i NMR, og er med det fast møtande.

- viii. Har delteke på fagdag i DKS med tema Kulturarv i DKS.
  - ix. Deltok på Norsk folkemusikklags årsmøte.
- e. Særskilde satsingar
- i. Lag og medlemmer:
    - a. Opna søknadspartalen for FolkLeiarUng og gått ut med informasjon og reklame i ulike kanalar
    - b. Har hatt første møte med Noregs Ungdomslag (NU) og Norsk senter for folkemusikk og folkedans (SFF) for å planlegge spørjeundersøking om seksuell trakassering.
    - c. Har byrja laga framlegg til risikovurdering kring seksuell trakassering og overgrep i FolkOrg.
    - d. Er saman med SFF og NU medarrangør for eit møte om korleis skape ein trygg organisasjonskultur
    - e. Aktivitetstilskotet er fordelt.
  - ii. Informasjon, formidling, dokumentasjon
    - a. Er i god gang med grunnlagsarbeidet for nye websider for organisasjonen og i samband med dette grunnlaget for nye kommunikasjonsstrategiar og informasjonsplanar.
    - b. Har laga to heilsider med annonser til magasinet Folkemusikk.
  - iii. Folkedans
    - a. Vi har delteke på møte med Hardingfela.no og dei andre aktørane i Dansegledde om marknadsføring og korleis FolkOrg skal bidra i arbeidet med å spreie videoen.
    - b. Deltatt på jamlege møter i ressursgruppa for evaluering av Bygda dansar og i møter med Telemarksforskning som skal skrive rapporten for senteret.
    - c. Deltatt på jamlege møter om jubileumshelga for Bygda dansar i september. Senteret er hovudarrangør og FolkOrg og NU er med som samarbeidspartnarar.
  - iv. Utøvarar og arrangørar
    - a. Vi har vore på møte i European Folk Network for å utvida nettverket. Dagleg leiar heldt innlegg der med presentasjon av FolkOrg.
    - b. Vi har hatt møte med Derek Andrews om kanadiske og franske delegatar
    - c. Vi har hatt møte med Tom Sherlock om seminar
    - d. Vi har søkt ambassaden i Irland, Slovenia, Polen og Danmark om tilskot til delegatar
    - e. Har vore på møte med NMR om status på TONO-avtalane.
  - v. Kulturpolitisk arbeid
    - a. *I innspelet til SV om kulturforvaltning løfta vi det problemet at internasjonal kulturutveksling mista ein særsviktig aktør då Rikskonsertane vart lagt ned.*

Anna:

- a. FolkOrg har vore med i fordelingsutvalget for KOMP 2021
- b. Har fått godkjent Folkemusikkens og folkedansens dag torsdag 16. Juni som vår dag i 2022. Ein kan sjå kalenderen her <https://frivillighetensar.no/kalender>.

*Vedtak: Styret tek orienterings- drøfting- og referatsaker til orientering med desse merknadene:*

- a) *Merknader til driftsrapport:*
- a. *Styret ønskjer å vere involvert i arbeidet med dommarseminar. Dei styremedlemmene som ønskjer det, får dekka deltaking på dommarseminar.*

- b. *Torfinn Hofstad var FolkOrgs representant under årsmøtet i stiftina Hilmar Andersen.*
- c. *Styret ønskjer oversikt over dei årsmøta i områdelaga som ikkje har funne stad enno.*
- b) *Styret vedtok at dei ikkje treng rekneskapsrapportar per prosjekt med mindre det er særleg trond for det.*
- c) *Styret tar sikte på å dele ut medaljar til tidlegare utnemnde heidersmedlem i FolkOrg ved å besøke dei. Hilde Reitan, Kristian Hanto, Kjellbjørn Karsrud og Liv Annette Nygjerdet lagar ein plan for den utdelinga, slik at det blir gjort på same vis for alle. Vi sender medaljen i posten til familien til dei heidersmedlemmene som har gått bort.*

**Styresak 2021/39 Revidering av instruks for og arbeidsdeling mellom styret, AU og dagleg leiar. Praktisk informasjon.**

*Vedtak:*

*Styret er samde i prinsippa i framlegg til instruks og arbeidsfordeling for styret, AU og dagleg leiar, samt retningsliner, teieplikt og praktisk informasjon. Styret ber administrasjonen sjekke med ein jurist om styret har lov til å delegere tilsetting av administrasjon til dagleg leiar ut frå gjeldande vedtekter, eller om vi må gjere framlegg om å endre vedtektena på neste Landsmøte. Styret gjer vedtak i saka på neste styremøte.*

**Styresak 2021/40 Godtgjering til valnemnd og tilsynsnemnd.**

*Vedtak:*

- a) *Valnemnda får godtgjersle etter same sats som eit heildagsmøte for styret når det er landsmøteår.*
- b) *Tilsynsnemnda for godtgjersle etter same sats som eit heildagsmøte for styret kvart år.*

**Styresak 2021/41 Møteplan hausten 2021**

*Vedtak:*

*Styremøte 2019/07 er sett til torsdag 9.september til fredag 10.september.*

*Styremøte 2019/08 er sett til fredag 19.november på Teams.*

**Styresak 2021/42 Refusjon av TONO-vederlag til lag og arrangørar i FolkOrg**

*Vedtak:*

*FolkOrg dekkjer TONO-vederlag for lag og heilårsarrangørar i 2021 på bakgrunn av søknadar og tek ei ny vurdering når ei ny rammeavtale er på plass.*

**Styresak 2021/43 Utlysing av prisene Årets lokallag og Årets folkemusikkarrangør.**

*Vedtak:*

- a) *Vi lyser ut prisene Årets lokallag og Årets folkemusikkarrangør med frist 1.september etter sama kriterar som før.*
- b) *Prisen blir auka til kr 20 000.*
- c) *Nominerte til Årets lokallag blir offentleggjort under sendingane i AdventFolk, og vinnaren blir offentleggjort i siste program.*
- d) *Prisen til Årets folkemusikkarrangør blir delt ut under Folkelarm.*
- e) *Vi må arbeide for å marknadsføre prisane godt.*

**Styresak 2021/44 Stell av grava til Gunnar Røstad**

*Vedtak:*

*FolkOrg avsluttar sitt ansvar for grava til Gunnar Røstad, og vil framover ikkje betale stell eller festeavgift for ho. Vi tar kontakt med spesielt interesserte for å høyre om dei ønskjer å ta over ansvaret.*

**Styresak 2021/45 Kandidatar til Ole Vig-prisen**

*Vedtak:*

*Styremedlemmene sender inn forslag til kandidatar med grunngjeving til dagleg leiar innan 28.mai, og vi handsamar per e-post kven vi skal sende frå FolkOrg. Vi sender inntil seks kandidatar, tre av kvart kjønn.*

**Styresak 2021/46 Eventuelt**

Styret ønskjer å lyse ut prisen Årets folkemusikkfotografi i 2021. Administrasjonen ved Liv Annette Nygjerdet sender ut framlegg til kriterium for handsaming via e-post.